

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## **Palmesundag – 10. april 2022**

Preiketekst: Joh 12,1-13

Lesetekst I: Sak 9,9–10

Lesetekst II: Fil 2,5–11

## **Messias og Maria**

### **Om dagen**

Dagen skulle vere kjent nok for oss. Tekster om Jesu inntog i Jerusalem finn vi både første søndag i advent og palmesøndag. Der første søndag i kyrkjeåret handlar om han som kjem inni vår verden, handlar palmesøndag om kongens inntog i kongens by. Dette blir understreka av profetien i Sakarja 9 som spelar på eselet i den gamle profetien om Judas septer og «han som folka skal lyde» (1 Mos 49,10f). Det spelar også på David – Juda-kongen – som ikkje brukte hest men eit muldyr som sitt ridedyr, og som let Salomo ri i Jerusalem på dette då han blei kunnngjort som konge.

Evangelieteksten sluttar likevel før eselet i Jesu inntog blir nemnt. Det peikar i retning av at andre forhold kan få fokus i denne tekstrekka. Det spenningsfylte som ligg i Jesu kongemakt i Joh 12, svarar også til den spenninga som ligg i Fil 2; han som med rette var Gud lik, tok på seg ein tenars skapnad og blei lydig til døden, og hans om blei fornedra, blei også høgt opphøgd.

Det er Johannes si fortelling som har gitt namn til søndagen, fordi han er den einaste som nemner palmegreinene i hyllinga av Jesus.

### **Om teksta**

Hovudfortellinga denne søndagen er faktisk ikkje inntoget men salvinga av Jesus i Betania. Alle evangelistane har ei slik forteljing om salving, en Lukas 7 er så ulik dei andre at den truleg må referere til ei separat hending. Matteus, Markus og Johannes fortel alle om det som skjedde i Betania ved inngangen til påskehøgtida. Synoptikarane legg hendinga til «Simon den spedalske» sitt hus. Var dette den avlidne far til dei tre søskena Marta, Maria og Lasarus? Vi veit ikkje, men det kan vere slik.

No er i alle fall Jesus igjen i heimen deira, like utanfor Betania, og det er ikkje lenge sidan Lasarus hadde vore død, men blei reist opp av Jesus. Det durrar under og gjennom heile fortellinga og kapittelet. Med ei dødeoppvekking som bakgrunn er det lett å forstå behovet for eit festmåltid. Mennene låg rundt det lave bordet med føtene strekt bakover. Kvinnene, med Marta i leiarrolla, tente ved bordet.

Fokus er likevel på ho som tok ei anna rolle. Maria, som ein gong før fekk vitnemålet om at ho hadde valt den gode delen då ho tok plass i den mannlege disippelrolla, gjer igjen det uventa. Ho må ha ofra ein stor del av farsarven sin då ho tømte dyr, parfymert salve utover Jesus. Historia har messianske trekk. Det var kongane som blei salva, jf. tittelen Messias (Kristus på gresk), som betyr den som er salva. Oljen ved slik salving blei likevel tømt over kongens hode. Her tømmer ho salven på føtene hans og tørkar den utover med håret sitt. I dette ligg det truleg eit sterkt motiv av audmjukt tenarskap, av å gi seg over.

Judas kan ikkje la vere å reagere, under påskot av å tenke på dei fattige. Han som kjente Judas sitt hjarte, visste likevel at det var ein pengekjær svikar som ytra seg. Johannes gjer eit poeng i sitt evangelium at kjærleik til pengar var med å drive Judas bort frå Jesus. I historias rikaste land, Norge anno 2022, er det eit poeng å få med seg

Jesus tar Maria i forsvar, og med det blir vi truleg ført inn i teksta sitt sentrum. Den kongen Maria audmjukt har salva, i takksemd for at bror hennar fekk livet som gåve, kjem ikkje til å entre trona si via makt og ære. Messias sin veg og opphøging går gjennom liding, død og grav, og Maria har på profetisk vis salva Jesus til den ferda.

At det låg ei uro i situasjonen, får Johannes godt fram. Jesu besøk i Betania trekker til seg merksemd. Folk flest er kanskje oppøste og nysgjerrige. Dei judaistiske leiarane er urolege. Det er planar om drap på både Jesus og Lasarus. Motiva kan vere ulike. Dei heldt Jesus for å vere ein som spottar Gud. Det har Johannes fått tydeleg fram. Samtidig er dei redde for kva dei romerske herskarane vil gjere om det blir meir oppstyr rundt Jesus. Mykje av Joh 12 vidare handlar om det og om øvsteprestens profetiske råd om å ofre den eine (Jesus) for folket.

Preiketeksta denne søndagen endar med innleiinga av Jesu inntog i Jerusalem. Eg finn det litt rart at ikkje teksta i alle fall kunne går til og med vers 15 med direkte referanse til leseteksta frå profeten Sakarja, men slik er det laga. Inntoget er i alle fall messiasstrek nummer to i fortellinga, hyllingstoget mot Jerusalem. I Makkabearbøkene ser vi at palmegreiner blei brukt for å markere militær seier eller kongeleg nærvær.

Truleg har hyllinga vore ei ganske avgrensa hending inne i den store folkemengda. Sjølv om dei romerske hærstyrkane primært fokuserte på det som skjedde inne i byen, ville dei ha lagt merke til ei omfattande form for hylling av ein messiasfigur på veg over Oljeberget.

Preiketeksta munnar ut i eit rop for å ære Jesus. Når vi rettar slikt mot han som er Guds son og den sanne Messias, er det vel strengt tala ei form for tilbeding. Samtidig er det ei bøn. Det arameiske Hosanna betyr rett og slett «Herre, frels!» Sitatet er frå Salme 118, ein salme NT ofte og gjennomgåande knyter til Jesus.

## **Om preika**

Mange har familiegudsteneste denne søndagen. Det gir mindre høve til å gå djupt inn i teksta, men også i ei slik samling må vi la palmesøndag peike på Jesu veg mot korset – og oppstoda. Det er slik han som Messias blir vår frelsar, og spørsmålet om frelse dirrar i heile dette kapittelet.

Forkynninga til vaksne bør i større grad kunne seie noko om kva slags konge Jesus er. Sakarja kallar han fattig/audmjuk. Paulus i Fil 2 legg vekt på at han lydig gav avkall på sitt eige. Det hindrar ikkje at han skal stå fram med makt og velde når kvart kne til slutt skal

bøye seg og kvar tunge erkjenne at Jesus er Herre. Dette er ein god dag å bruke lesetekstene saman med evangelieteksta i preika. Samsvaret er godt.

Det går også an å adressere dei grådige hjarta (Judas) og utfordre til å overgi seg med hjarte, sjel, makt, forstand og eigedom til Jesus (Maria).

Forkynninga bør kunne munne ut i ei deltaking i folkets rop om Jesus. Han er den velsigna, han er Israels konge. Ja, er han ikkje Israels Messias, nyttar det ikkje for nokon av oss å rope «hosianna» til Jesus, for då er han heller ikkje verda sin frelsar.

**Rolf Kjøde,**  
førstelektor NLA Høgskolen  
[rolf.kjode@nla.no](mailto:rolf.kjode@nla.no)